



Osterøy kommune  
Rådhuset  
5282 LONEVÅG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Marit Lunde, 57 64 30 05

## Osterøy kommune - godkjenning av budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024 – utmelding av Robek

Osterøy kommunestyre har i møtet 09.12.2020, sak 92/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024.

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Osterøy kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen og meirforbruk frå 2020 og 2021 er dekt inn. Etter § 28-5 andre ledd, skal kommunar som er meldt inn i Robek-registeret etter § 28-1 første ledd, bokstav b, meldast ut av registeret dersom driftsdelen i økonomiplanen for påfølgjande år er vedteken utan meirforbruk.

**Osterøy kommune har vedteke ein økonomiplan for åra 2022 – 2024 i balanse og blir derfor meldt ut av Robek etter kommunelova § 28-5 andre ledd. Kommunen sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2021 – 2024 er godkjent.**

Statsforvaltaren er uroa for om innsparingstiltaka let seg nå og over at gjelda aukar i heile perioden. Låneopptaka burde vore avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande eller gir innsparingar på sikt. Dette ser vi i samanheng med reduksjonane i rammeoverføringane til tenesteområde, og for at kommunen framover skal greie å levera tenester med god kvalitet til innbyggjarane. Det er heilt nødvendig at kommunen gjennomfører innsparingstiltaka i planen, for å unngå å kome i Robek i framtida.

Som følge av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.



## Oppsummering

Det er nødvendig at kommunen opparbeider seg eit større disposisjonsfond for å ha nødvendige driftsreservar. Fondet bør minimum utgjere 30 mill. kroner for å vere i samsvar med tilrådingane frå TBU (Teknisk berekningsutval).

Statsforvaltaren er uroa for at gjelda aukar i heile perioden. Låneopptaka burde vore avgrensa til investeringar som er sjølvfinansierande eller gir innsparingar på sikt. Dette ser vi i samanheng med reduksjonane i rammeoverføringane til tenesteområda, og for at kommunen framover skal greie å levera tenester med god kvalitet til innbyggjarane. Det er heilt nødvendig at kommunen gjennomfører innsparingstiltaka i planen, for å oppfylle realismekravet i kommunelova.

Kommunen arbeider no for å komme seg ut av ein vanskeleg økonomisk situasjon. Det er fleire usikre moment på inntektssida som kommunen sjølv ikkje rår over, som gjer at økonomien er svak og treng ei tett oppfølging framover.

Budsjettdokumentata er no meir informative, og for sektorane er det i tillegg til mål og handlingsrom også teke med konsekvensar av tiltak. Dette er og meir enn tidlegare i samsvar med lov og forskrift om kva som skal vere med som dokumentasjon.

## Driftsbudsjettet 2021

Det er budsjettert med eit netto driftsresultat på minus 18,3 mill. kroner, som utgjer minus 2,8 prosent av driftsinntektene. Meirforbruket er budsjettert dekt inn med bruk av disposisjonsfond med 14,8 mill. kroner og 3,5 mill. kroner ved bruk av bunde fond. Meirforbruk frå 2020 utgjer etter førebelse Kostra-tal, 12,1 mill. kroner, som og skal dekkast inn med disposisjonsfondet. Etter inndecking av underskot frå 2020 vil disposisjonsfondet ha ein saldo på om lag 19,1 mill. kroner, og etter inndecking av meirforbruket i 2021 omlag 4,2 mill. kroner.

TBU rår kommunane til å ha eit netto driftsresultat på min. 1,75 prosent, for å kunne setje av midlar til framtidige investeringar og legge av til reserve. Kommunen når ikkje dette målet.

Kommunen har i budsjettering av inntekt på skatt og rammetilskot (frie inntekter) lagt til grunn prognosar etter statsbudsjettet for 2021 i KS sin prognosemodell. Folketalsutviklinga i kommunen samanlikna med gjennomsnittleg vekst for landet, har ein klar samanheng med utviklinga av kommunens frie inntekter. Siste prognosemodell til KS tek utgangspunkt i vedteke statsbudsjett for 2021 og folketal per 01.01.2021 for frie inntekter. Ut frå dette er prognosen at Osterøy kommune i 2021 får overført 473,4 mill. kroner i frie inntekter, som er om lag 1,3 mill. kroner lågare enn det som ligg inne i budsjettet. Folketalet har gått ned siste året med 0,22 prosent, frå 8 098 i 2020 til 8 080 personar per 1.01.2021.

Det er budsjettert med om lag 29 mill. kroner i inntekter frå eigedomsskatt, noko som tilsvarar ein nedgang på om lag 3 mill. kroner samanlikna med 2020. Eigedomsskatten vert vidareført på alle eigedommar i Osterøy kommune i 2021. Det er risiko knytt til utviklinga i desse inntektene over tid.

Kommunen fekk utbetalt 12,9 mill. kroner frå Havbruksfondet i 2020. For 2021 er det lagt inn 4,5 mill. kroner.

Andre vesentlege endringar i tenesteområda samanlikna med 2020, finn vi innanfor oppvekst, undervisning og kultur (OUK) og helse, omsorg og sosial. Desse sektorane får dei største



reduksjonane på rammene sine. I budsjettdokumentet går det fram kor mykje innsparingane utgjer i kroner innanfor dei ulike tenestene i 2021. For kvart tenesteområde er det med ei orientering om tenesta, handlingsrom og handlingsplan for 2021, og kor mykje trekket utgjer for kvar enkelt eining.

### **Investeringsbudsjettet 2021**

Samla investeringar i anleggsmidlar er budsjettert med 82,4 mill. kroner for 2021. Av dette er 20,95 mill. kroner lån til sjølvkostområde som vatn og avlaup (VA). Låneopptak til formidlingslån (Husbanken) er vedteke med 8 mill. kroner. Heile investeringsbehovet er tenkt finansiert med låneopptak, og heradsstyret har godkjent eit låneopptak på 82,4 mill. kroner. Gjeld som vil belaste kommunebudsjettet i form av auka rente og avdragsutgifter tilsvarar 61,45 mill. kroner.

Langsiktig lånegjeld (eks. pensjon) per 31.12.20 utgjer om lag 712 mill. kroner. Dette tilsvarar 102,8 prosent av brutto driftsinntekter i 2020. Gjennomsnitt for landet eks. Oslo utgjorde 124,4 prosent for 2020, slik at kommunen ligg under landsnittet på langsiktig gjeld.

### **Økonomiplan 2021 – 2024**

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter for åra 2022 - 24 viser små, men positive resultat. I kroner utgjer dette samla om lag 1 mill. kroner for 2022 og 2023, og 3,8 mill. kroner i 2024, som er tenkt avsett til disposisjonsfond. Det anbefalte nivået for disposisjonsfond frå TBU er 5 prosent av brutto inntekter, som for Osterøy utgjer om lag 30 mill. kroner.

Av andre endringar i planperioden er inntekter frå Havbruksfondet redusert i 2022 og 2024 til 10,2 mill. kroner, og ei utbetaling på 4,5 mill. kroner i 2023.

Det er vedteke ytterlegare nedgang på driftsnivået i rammene til tenesteområda utover i perioden. Den største reduksjonen er innanfor oppvekst, undervisning og kultur, der det ligg inne ein vesentleg nedgang også frå 2021 til 2022 på om lag 10 mill. kroner, og innanfor helse og omsorg med ein nedgang på 3 mill. kroner i 2022 og 4 mill. kroner i 2023.

Det er lagt opp til eit noko lågare investeringsnivå dei tre siste åra i perioden, men nivået er likevel så høgt at brutto lånegjeld i prosent av inntekter aukar i heile perioden. Alle investeringar skal lånefinansierast fullt opp. Ved utgangen av perioden er det berekna at netto lånegjeld utgjer 115,7 prosent av brutto inntekter, og har ein saldo på 753,8 mill. kroner. Dei største investeringane i perioden er omsorgsbustader, samlokalisering av brannvern, tekniske tenester og ambulanse, og bustader for personar med utviklingshemming.

Samla nye låneopptak i løpet av perioden utgjer om lag 272 mill. kroner.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling kommunens økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Heradsstyret har vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:



- *netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter bør vere minimum 1 %*

Det er ikkje vedteke måltal for langsiktig gjeld og disposisjonsfond. Dette må heradsstyret ha ein meining om og innarbeide for seinare år, og slik leggje grunnlag for den langsiktige økonomiske styringa.

### **Robek**

Osterøy kommune vart meldt inn i Robek i mars 2020 etter Kommunelovas § 28-1, bokstav b, på grunn av at driftsdelen i økonomiplanen vart vedteken med eit meirforbruk, og at ikkje alle år hadde dekning for dei totale utgiftene. Meirforbruket for 2020 utgjør etter førebelse Kostra-tal 12,1 mill. kroner som blir dekkja inn ved bruk av disposisjonsfond.

Meirforbruket i budsjettåret 2021 på 18,3 mill. kroner, blir dekt inn ved bruk av disposisjonsfond og bundne fond. Vi føreset at kommunen har vurdert at dei bundne fonda kan nyttast, og at dette er midlar som heradsstyret sjølv har sett av til fond tidlegare. Ein kan elles ikkje bruke bundne fond som andre har definert bruken av, eksempelvis gåver til spesielle føremål eller andre øyremerkte midlar.

Budsjettet for 2021 og økonomiplanen for 2022 – 2024 er etter dette i balanse, og akkumulert meirforbruk er nedbetalt ved bruk av disposisjonsfond og bundne fond.

### **Statsforvaltaren sin kommentar**

Underskot i år 2020 og 2021 er dekt inn. Budsjettet og økonomiplanen er etter dette vedteke i balanse, med låge netto driftsresultat i perioden. Resultata gjev liten mogelegheit til å bygge opp fond og setje av midlar til investeringar og uføresette utgifter. Kommunen når ikkje måltal eller anbefalt nivå på netto driftsresultat før siste året i perioden.

Det er svært små reserver på disposisjonsfondet, og kommunen ligg godt under anbefalt nivå på 5 prosent av driftsinntektene.

Samstundes aukar gjelda i heile perioden og belastar budsjettet kvart år med auka rente- og avdragsutgifter. Samla utgjør auken i renter og avdrag om lag 6,7 mill. kroner i perioden, føresett ei rente på dagens nivå. Statsforvaltaren er uroa for at gjelda og utgiftene aukar og ber kommunen om å vurdere investeringsnivået på nytt, om det er prosjekt ein kan utsetje, eller prosjekt som bør prioriterast for at dei på sikt gir innsparing i drifta. Det er usikkert kor lenge det låge rentenivået vi har no, fortset utover i perioden.

Den økonomiske utviklinga er heilt avhengig av at ein når måla om meir effektiv drift og reduksjonar på tenestenivåa, og at inntektene er stabile i perioden. Samstundes minner vi om at kvaliteten i tenestene må ivaretakast.

Statsforvaltaren skal vurdere om heradsstyret sitt vedtak oppfyller kriteria for registrering i eller utmelding av Robek, og om budsjett og økonomiplan oppfyller kravet til realisme og balanse. Etter vår kontroll finn vi at alle skjema er utfylte og sende til oss i rett tid. For kvar sektor er det lagt inn mål for innsparing i budsjettåret fordelt på kvar eining, og for sektoren samla. For økonomiplanperioden er rammene fordelt ut på kvar sektor. Meirforbruket for 2020 og 2021 er dekt inn, og budsjett for 2021 og økonomiplan for 2022 – 2024 er i balanse.



Vi er likevel uroa over at det er fleire usikre postar som gjer at realismen i budsjettet og økonomiplanen er usikker. I møte med kommunen den 24. mars vart dette drøfta. Statsforvaltaren er oppteken av at heradsstyret tek ansvar og følgjer opp budsjett- og økonomivedtaka som er gjorde. Fokuset må vere på kjerneoppgåvene og tenestene som kommunen skal levere framover, medan det er mindre rom for andre økonomiske disposisjonar.

Som Robek-kommune etter kommunelova § 28-1 skal departementet etter § 28-3 godkjenne opptak av lån. Departementet har delegert dette myndet til Statsforvaltaren. Sidan Osterøy no blir meldt ut av Robek-registeret skal vi derfor ikkje gi slik godkjenning for dette budsjettåret.

**Vedtak:**

Statsforvaltaren skal føre lovlegkontroll av budsjettvedtaket til Osterøy kommune etter kommunelova § 28-3. Vi har føreteke kontrollen, og meirforbruk frå 2020 og 2021 er dekt inn.

Etter § 28-5 andre ledd, skal kommunar som er meldt inn i Robek-registeret etter § 28-1 første ledd, bokstav b, meldast ut av registeret dersom driftsdelen i økonomiplanen for følgjande år er vedteken utan meirforbruk.

**Osterøy kommune har vedteke ein økonomiplan for åra 2022 – 2024 i balanse og blir derfor meldt ut av Robek etter kommunelova § 28-5 andre ledd. Kommunen sitt budsjett- og økonomiplanvedtak for 2021 – 2024 er godkjent.**

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent.*